

Saksbehandlar: Arvid Stenehjelm, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 14/3691-1

## **Innspel til Budsjett 2015/økonomiplan 2015-18 - Fylkesrådet for eldre**

### **Framlegg til vedtak:**

#### **Sekretæren rår fylkesrådet for eldre til å gje slik tilråding:**

1) Fylkesrådet for eldre er særleg oppteken av god standard og tilgjenge for alle og ønskjer å oppretthalde desse krava i både drift og investeringar.

2) Fylkesrådet for eldre ønskjer å prioritere følgjande:

- At alle fylkeskommunale bygg og anlegg må universelt utformast. Det som måtte vere av etterslep på dette området, må prioriterast og løyvast midlar til.
- At det innanfor samferdsle må det byggjast gang og sykkelveggar, buss-stogg må utbetrast (kanskje enkelte plassar flyttast) og universelt utformast.
- At det vert sett av større løyving til serviceskyssen.
- At fylkeskommunen prioriterer transporttenester for funksjonshemma, følgjekort.
- At det i samband med tildeling av transportløyve/konsesjonar må ein setje krav om info i bussar også for høyrslahemma og svaksynte.
- At det må stimulerast til å nytte dei eldre som ein resurs i frivillig arbeid. Det må setjast av midlar som kan nyttast til å dekke faktiske utgifter som dei eldre måtte ha i samband med frivillig arbeid.
- At ordninga med honnørbilettar må oppretthaldast.
- At det innanfor kultur m.v. må prioriterast folkehelseiltak.
- At ein gjennom fylkesplanlegging stimulere kommunane til å kome med planar om nærmiljøanlegg, turstiar m.v.

Vedlegg: Framlegg til budsjett 2015 – fylkesrådet for eldre

Andre dokument som ikkje ligg ved – saksdokument på heime sida:

#### **[Arbeidsdokument 1](#)**

#### **[Arbeidsdokument 2](#)**

[Vedlegg 1a: Vedtak fu-sak 8/14 Innspel til nytt inntektssystem](#)

[Vedlegg 1b: Saksframstilling fu-sak 8/14 Innspel til nytt inntektssystem](#)

[Vedlegg 2: Notat frå OA om auka fagopplæringskostnader](#)

[Vedlegg 3: Brev til Skatt Vest - klage på vedtak](#)

[Vedlegg 4: Brev til råd og utval](#)

## **1. Samandrag**

Fylkeskommunen er no i gang med budsjettarbeidet for komande år. Finansutvalet – som politisk arbeidsutval – utarbeider framlegg til budsjett/økonomiplan. Utgangspunktet for budsjettarbeidet ligg i vedteke budsjett 2014/økonomiplan 2014-17. Alle tilrådde endringar i høve dette grunnlaget vert lagt fram gjennom eigne arbeidsdokument til møta i finansutvalet. Arbeidsdokumenta vert fortløpande gjort tilgjengelege under fana «Budsjett og økonomiplan» på fylkeskommunen si heimeside (sfj.no). Gjeldande budsjettokument er også tilgjengeleg der. Fylkesrådet for eldre har drøfta konkrete framlegg til innspel og legge desse fram i vedtaket.

## **2. Bakgrunn for saka**

Fylkestinget vedtok 10.12.13 budsjett 2014/økonomiplan 2014-17, jf. sak 55/13. Budsjettprosessen startar til vanleg opp med første finansutvalsmøte i mars/april. Bakgrunn for at fylkesrådmannen formelt startar opp prosessen alt i januar, ligg i fylkestinget sitt vedtak om å gje hovudutvala ei meir aktiv rolle i vårhalvåret av budsjettprosessen.

I dette arbeidsdokumentet vil fylkesrådmannen be finansutvalet konkretisere «bestillinga» til hovudutvala, og ta stilling til kva føringar som bør leggest til grunn for dette arbeidet. I budsjettprosessen i fjor var det fokus på at vi ventar ein større reduksjon i inntektsrammene våre alt frå 2015. Dette, kombinert med høg lånegjeld, vil kunne gje relativt store økonomiske utfordringar både på kort og lang sikt.

Det vart lagt til grunn at kommuneproposisjonen i mai 2014 vil gje naudsynte statlege avklaringar knytt til inntektsrammene. Det vart difor vedteke at hovudutvala i løpet av våren skulle gå gjennom aktivitetane i eigen sektor og prioritere innbyrdes mellom desse. I budsjettokumentet sitt kapittel 2 Budsjettprofil står dette omtala slik: «På sikt må organisasjonen bu seg på at dagens driftsnivå må reduserast. Det må setjast i gang eit målretta arbeid for å sikre at fylkeskommunen til ei kvar tid har fokus på dei viktigaste oppgåvene innafor ei venta søkkande inntektsramme.

Ein vesentleg del av hovudutvala sitt bidrag til/legitimitet i budsjettarbeidet ligg i å gje finansutvalet eit godt avgjerdsgrunnlag gjennom å prioritere eigen sektoraktivitetar innbyrdes. I løpet av våren 2014 skal hovudutval gå gjennom sektoren sine aktivitetar og rangere desse (altså ei rekkefølgetenking, ikkje rammetenking som i dag). Dette skal danne grunnlaget for dei grep det må takast stilling til i komande planperiode.

Dette dannar grunnlag for det arbeidet finansutvalet no skal «bestille» hjå hovudutvala. Notat 1 viser prosessen framover og kva bestilling rådmann fremjar for hovudutvala. Dei får i oppgåve å lage ei innbyrdes prioritering mellom dagens aktivitetar på eigen sektor. Hovudutvala står fritt til å fastsette prosess og angrepsvinkel. Følgjande generelle føresetnader skal leggest til grunn;

- Plattform for prioriteringsarbeidet: Tenestenivået i kontoplanen.
- «Output»: Klår prioriteringsrekkefølge på område/aktivitetar innafor sektoren.
- Tidshorisont: økonomiplanperioden (1-4 år).
- Bindingar: skal vurderast, og sjølvpålagde bindingar skal ikkje leggest vekt på i prioriteringane.
- Lovpålagde oppgåver: må ta omsyn til strukturkostnader om ein nyttar dette som prioriteringskriterium.
- Fylkes KOSTRA: bør nyttast som illustrasjon på ressursbruk i høve andre fylkeskommunar på hovudaktivitetar innan kvar sektor (referanse AGENDA-rapporten 2010). Det skal nyttast R-2013-data.
- Blanda finansiering: «utløsning» av statlege midlar som prioriteringskriterium skal vurderast eksplisitt.
- Tidsfrist: Endeleg prioriteringsvedtak i hovudutvala seinast 17. juni.

Fylkesdirektørane får ansvar for å utarbeide naudsynt grunnlagsmateriale for hovudutvala sitt prioriteringsarbeid.

### **3. Utale frå råda**

Fylkesrådmannen – som sekretær for finansutvalet – ser gjerne at Ungdomspolitisk utval, Hovudsamarbeidsutvalet, Fylkesrådet for funksjonshemma og Fylkesrådet for eldre kjem med innspel til budsjettarbeidet. Det er då spesielt interessant å få innspel på kva profil utvala meiner bør leggest på komande budsjett/økonomiplan. Dette kan gjerast ved å vise område/tiltak utvalet ser som særskilte viktige å ha fokus på og kva område/tiltak som kan tonast ned.

Innkome innspel vert fortløpande lagt fram for finansutvalet. Det er førebels tidfesta følgjande møte i finansutvalet:

- 2. april
- 18. juni
- 24. september
- 15. oktober
- 5. november

Finansutvalet sitt framlegg til budsjett 2015/økonomiplan 2015-18 skal danne grunnlag for den ordinære politiske slutthandsaminga:

- 5. november: Finansutvalet gjer vedtak om framlegg
- 24. november: Ev. felles orientering om framlegget på politikardagen
- 25. november: Handsaming i hovudutvala
- 26. november: FU vedtek si tilråding til FT og legg dokumenta ut til offentleg ettersyn
- 10. desember: FT gjer sitt endelege vedtak.

I perioden mellom fylkesutvalet si handsaming og fylkestinget sitt endelege vedtak har sjølv sagt alle høve til å kome med uttale.

### **4. Drøftingar i fylkesrådet for eldre**

Fylkesrådet for eldre har komme med skriftleg innspel etter drøftingsmøte under Islandsturen 5. til 8. mai 2014. Budsjettet for Fylkeseldrerådet må aukast slik at det kjem på line med det som er faktisk bruk. I dei seinare åra har rådet sitt budsjett ikkje strukke til og vore for knapt sett i høve til den aktiviteten i fylkesrådet. Underskot har vore saldert med eit mindreforbruka på budsjettet for fylkesrådet for funksjonshemma. Rådet ønskjer difor å be om auka løyving frå 2015 slik at aktiviteten kan haldast på same nivå utan budsjett messig underfinansiering.

Med utgangspunkt i rådet sitt eige handlingsprogram ønskjer rådet å spele inn følgjande saker:

- Alle fylkeskommunale bygg og anlegg må universelt utformast. Det som måtte vere av etterslep på dette området, må prioriterast og løyvast midlar til.
- Innanfor samferdsle må det byggjast gang og sykkelveggar, buss-stogg må utbetrast (kanskje enkelte plassar flyttast) og universelt utformast.
- Meir løyving til serviceskyssen.
- Prioritere transporttenester for funksjonshemma, følgjekort.
- I samband med tildeling av transportløyve/konsesjonar må ein setje krav om info i bussar også for høyrslahemma og svaksynte.
- Det må stimulerast til å nytte dei eldre som ein resurs i frivillig arbeid. Det må setjast av midlar som kan nyttast til å dekke faktiske utgifter som dei eldre måtte ha i samband med frivillig arbeid.
- Ordninga med honnørbiletter må oppretthaldast.
- Innanfor kultur m.v. må ein prioritere folkehelseiltak. Setje av midlar som kan nyttast i den samanheng.
- Stimulere kommunane til å kome med planar om nærmiljøanlegg, turstiar m.v.

## **5. Konklusjon**

Fylkesrådet for eldre kjem her inn i ein tidleg fase i budsjettarbeidet og ønskjer allereie no å legge inn ønskjer, føringar og/eller åtvaringar/bekymring for sektorar som særleg kan ha konsekvensar for eldre.